

# Korleis varslar du?

Naboane skal få utlevert teikningar og situasjonsplan som viser ytre forhold for kva du skal gjere og opplysningar om ein eventuell dispensasjon. Du kan bruke [Ambita \(infoland\)](#) for å finne ut kven du skal varsle, og lage dei dokumenta du treng for å sende nabovarsel.

Før du gjev nabovarsel vidare til kvar enkelt nabo/ gjenbuar, fyller du ut blankettane [Opplysninger gitt i nabovarsel](#) og [Kvittering for nabovarsel](#). Desse brukar du for å dokumentere ovanfor kommunen kven som er nabovarsla, når dei er varsla og kva dei har fått varsel om.

Deretter fyller du ut skjema [nabovarsel](#) i eit eksemplar til kvar nabo/gjenbuar.

Så veljer du korleis du skal levere nabovarselet. Varsling kan gjerast på tre måtar:

- **Personleg oppmøte.** Vel du å overlevere personleg skal nabo/gjenbuar krysse av, datere og signere på «Kvittering for nabovarsel» for at varsel er motteken. Krysset skal være i feltet for «Varsel er motteken». Dersom nabo / gjenbuar i tillegg kryssar av i feltet for «Samtykker i tiltaket» betyr det at nabo/gjenbuar allereie no seier at vedkomande ikkje har merknad til det du skal gjere (*NB! Om naboen din ikkje kryssar i feltet for «samtykker» må du vente 14 dagar før du sender inn søknad*).
- **Ved sending via e-post.** Vel du å sende varselet elektronisk, kan dette gjerast for eksempel som e-post om du kjenner nabo/gjenbuars e-postadresse. For at varslingen skal være gyldig må nabo/gjenbuar svare at e-posten er motteken (automatisk generert svar held ikkje). Utskrift av svarmailen frå nabo må vedleggast «Kvittering for nabovarsel». Etter at varsla er sendt, skal naboane få minst 14 dagar til å uttale seg om tiltaket. Naboane skal sende sine merknader til deg.
- **Rekommandert sending.** Vel du å sende varsel som registrert postsending til ein eller fleire naboar/gjenbuarar, skal kvittering frå Posten leggst ved. Postkontoret signerer, samtidig som eit gult kvitteringsmerke limast på blanketten «Kvittering for nabovarsel».

**Desse tre metodane kan kombinerast. Når du sender inn byggjesøknaden til kommunen, skal du leggje ved naboane sine merknader, kvittering for nabovarsling som viser kven som har motteke varsel, og opplysningar gjeve i nabovarsel.**

## Kva når nabovarsel er levert?

Naboar og gjenbuarar skal ha minst 2 vekers frist til å komme med eventuelle merknader. Fristen gjeld frå når varselet er sendt og grunnlagsmaterialet er gjort tilgjengeleg, til søkar motteke eventuelle merknader. Om naboar og gjenbuarar har merknader skal dei sende desse skriftleg til søkar. Om du som søkar motteke merknader skal du sørje for at desse vert vurdert før søknaden sendast til kommunen. Som søkar skal du gjere greie for eventuelle merknader og vurderinga av desse når du sender søknad til kommunen. Vær merksam på at eventuelle endringar av prosjektet som følge av nabomerknader kan føre til at det er naudsynt med ny nabovarsling. Søknaden kan uavhengig av

merknader eller ikkje, først sendast til kommunen etter at frist for å komme med merknader har gått ut.

### **Du treng ikkje varsle om mindre endringar.**

Hovudregelen er at du alltid skal varsle om byggjearbeid. Du treng likevel ikkje å varsle når naboane i liten grad blir råka. Dette gjeld for eksempel:

- Når du kun skal gjere innvendige arbeid.
- Når det er store avstandar til næraste nabo.
- Når du skal gjennomføre mindre utvendige tiltak som er lite synlig kan nabovarsling avgrensast til dei 2 - 3 næraste naboane.

### **Kor lenge er nabovarsling gyldig?**

Nabovarslinga er gyldig i eit år. Dersom søknaden ikkje er sendt til kommunen innan eit år etter varslinga, må du varsle på nytt.